
Saknr: 2020/37459-1
Saksbehandlar: Inger Marken

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		14.02.2020

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet har godkjent reglement for reiser i Vestland fylkeskommune. Reglementet har verknad frå 01.01.2020.

Samandrag

Det er utarbeidd nytt reglement for reiser som skal gjelde for tilsette i Vestland fylkeskommune. Reglementet har vore behandle i informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i Vestland fylkeskommune 26. august 2019. Reglementet vart også samrøystes vedteke i det partssamansette utvalet under fellesnemnda 02.09.2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
Fylkesdirektør organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reglementet for reiser er utarbeidd med tanke på god og effektiv planlegging og gjennomføring av reise. Reiseverksemda skal vere nøktern, miljø- og kostnadsbevisst. All reiseaktivitet i inn- og utland skal vere relatert til definerte mål og politiske vedtak i Vestland fylkeskommune.

I reglement for reiser i Vestland fylkeskommune er det vedteke skjerpa krav for dokumentasjon. Frå 1. januar i den nye fylkeskommunen må kvittering leggjast ved om du krev refusjon. Krav som ikkje er dokumentert vil ikkje gje grunnlag for tilbakebetaling.

Reiseverksemd skal vere nøktern, miljø og kostnadsbevisst. Vi må vurdere om reisa er nødvendig og om gode alternativ kan vere telefon-, video- og nettmøte.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektleiaren i dei to fylkeskommunane, Hordaland og Sogn og Fjordane, la fram forslag til reglement på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19. Deretter vart forslaget samrøystes vedteke i det partssamansette utvalet under fellesnemnda

Forslag til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune. Reglementet var ikkje endeleg vedtatt pr 010120, men må gis verknad frå denne dato på bakgrunn av vedtaket i fellesnemnda sitt partssamansette utval 02.09.2019.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. 2.1.7 i reglement for fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant, ikkje vesentlege endringar frå tidlegare reglement

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant